



NASJONALT
TRYGGINGSORGAN

Nasjonalt tryggingssorgan — Årsrapport 2018

Samvirke for eit tryggare Noreg



NSM NorCERT registrerte totalt 19 712 uønskete hendingar mot informasjonssystem i Noreg i 2018. 4 689 av desse blei prioriterte for oppfølging av NSM. I 2018 såg vi òg eit titals alvorlige hendingar. Dei mest alvorlege sakene er meir komplekse, sofistikerte og krevjande enn tidlegare. NSM vurderer dataangrep frå framande statar som den høgaste IKT-risikoen for den offentlege forvaltninga.

Innhald

004	1 — Leiaren har ordet
	Privat-offentleg samvirke for eit tryggare Noreg
008	2 — Introduksjon til verksemda og hovudtal
	Dette er Nasjonalt tryggingsorgan
014	3 — Aktivitetar og resultat i 2016
016	Mål 1: Styrkt IKT-tryggleik
022	Mål 2: Styrkt objektsikring
024	Mål 3: Styrkt personelltryggleik
028	Mål 4: Målretta og effektiv bruk av tildelte midlar
030	Mål 5: God førebyggjande tryggleik og beredskap
032	Mål 6: Kontinuerleg betring og effektivisering
034	Mål 7: Rett kompetanse til rett tid og resultatorientert leiing
036	4 — Styring og kontroll i verksemda
038	Modenskapen i styring og kontroll av NSM i 2018
038	Miljøutgreiing
040	5 — Vurdering av framtidsutsikter
046	6 — Leiingskommentar til årsrekneskapen 2018
048	Formål
048	Stadfesting
048	Vurderingar av vesentlege forhold
050	Tilleggsopplysningar
051	Prinsippnote til årsrekneskapen
052	7 — Løyvings- og artskontorapportering med notar



Foto: Cecilie S. Andersen

Privat-offentleg samvirke for eit tryggare Noreg

Noreg står overfor ein aukande risiko for tryggleikstruande verksemd. Dette har særleg opphav i ei negativ utvikling i trusselbiletet, som er prega av framandstatleg etterretning, påverkingsoperasjonar, terror og cyberkriminalitet. Dei risikoreduserande tiltaka held ikkje tritt med den raske utviklinga i sårbare punkt, spesielt på cyberområdet. I 2018 har NSM vore prega av det viktige arbeidet med å utarbeide forskrifter til ny tryggingslov, som tok til å gjelde frå 1. januar 2019. NSM har bistått Forsvarsdepartementet med personell og fagleg støtte, og har gjennom fire arbeidspakker levert utkast til forskrifter til departementet. I kvar av pakkane vart det òg levert ei rekke justerte utkast basert på tilbakemeldingar frå departementet.

NSM ser gjennom samarbeidet i Felles cyberkoordineringssenter (FCKS), der Etterretningstenesta, PST og Kripas deltek saman med NSM, at etterretningstrusselen mot eit breitt spekter av norske verksemdar og interesser er stor. NSM erfarer at framande statar òg rettar nettverksoperasjonar mot norske verksemdar og system som ikkje

sjølve forvaltar tradisjonelt skjermingsverdig informasjon. Dette utfordrar tryggingarbeidet til norske styresmakter og viskar ut skiljet mellom stats- og samfunnstryggleik.

IKT-tryggleik

NSM ser jamlege forsøk på å etablere digital kontroll over og hente inn sensitiv informasjon frå verksemdar som forvaltar viktige og til dels avgjerande samfunnsfunksjonar. Talet registrerte og manuelt bearbeidda saker har vore relativt jamt dei siste åra, men hendingane har vore meir omfattande, komplekse og krevjande enn før.

Stadig fleire einingar, prosessar og tenester blir kopla saman og kopla til Internett. Denne teknologiutviklinga skapar sårbare punkt. Internasjonal tenesteutsetjing er eit attraktivt alternativ for mange verksemdar, og desse utviklingstrekk skapar digitale verdikjeder som er lange, komplekse, uoversiktlege, internasjonale og dermed utanfor det dei norske styresmaktene har kontroll over. Den totale digitale angrepsflata aukar.

NSM har som mål å gjere samfunnet mindre digitalt sårbart, slik at konsekvensane av angrepa blir reduserte. Vi må etablere gode og målretta tiltak for å redusere omfanget av angrepa. God førebyggjande IKT-tryggleik blir bygd opp i samarbeid mellom verksemdar og styresmakter.

NSM etablerer difor i 2019 Nasjonalt cybertryggingssenter. Senteret vil byggje på allereie besluttede og vedtekne tiltak og vil bringe oss på linje med andre land. Senteret representerar ei styrking av



FAKTA

Kjetil Nilsen

Stilling: Direktør **Alder:** 58 år
Utdanna politi, jurist og har ein mastergrad i leiing. Han har òg befalsutdanning frå Forsvaret og NATO Defense College.

det arbeidet NSM allereie utførar. Senteret skal styrkje samarbeidet mellom dei ulike IKT-tryggingsmiljøa slik at ulike aktørar opererer i eit felles risikobilete og med same situasjonsforståing.

Strategiske rapportar

NSM leverte eigne strategiske rapportar og bidrog i andre rapportar og høyringar gjennom heile 2018. NSM leverte rapporten *Risiko 2018* til Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet i mars og *Et sikkert digitalt Norge – IKT-risikobilde* i slutten av september. Desse rapportane gir samla og kvar for seg unik innsikt i tryggleikstilstanden i Noreg.

NSM har også i 2018 støtta begge departementa i arbeidet med fleire fagmeldingar, stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar. NSM har i tillegg brukt vesentlege ressursar på å støtte arbeidet med revisjon av tryggleikslova i regi av Forsvarsdepartementet.

Betre resultat

NSM har gjennom heile året lagt vekt på utvikling av relevante råd og rettleiingar. Mykje av dette har handla om førebyggjande tryggleik. Bygging av ein god tryggleiskultur er framleis svært viktig, men det er kanskje endå viktigare å utvikle relevante råd og rettleiingar som kan bli tekne i bruk i verksemdene. NSM gjennomfører kvart år ei rekkje inntrengingstestar som viser at mange klikkar på vedlegg og lenkjer dei ikkje bør klikke på, trass i god kunnskap i verksemda. Det blir derfor viktig å følgje råd om tiltak for å avgrense skadar, slik at konsekvensane av eventuelle angrep blir reduserte, og slik at tilbakeføringsarbeidet etter ein skade blir forenkla.

NSM har styrkt eininga for IKT-rådgiving i 2018 for å utvikle fleire råd til dei mange målgruppene våre. Innsatsen og kapasiteten vår innanfor råd og rettleiing er likevel ikkje stor nok til å dekkje heile samfunnsbehovet.

Det blei derfor etablert ei kvalitetsordning for kommersielle aktørar på feltet handtering av hendingar i 2016. Per i dag er det tre verksemdar på plass, og vi håper at endå fleire vil kvalifisere seg til denne ordninga.

Den døgnopne drifta på NSM NorCERT gav gode resultat i 2018 òg. Vi har hatt kontinuerleg innsats for å oppdage og analysere dataangrep, for så å koordinere handteringa av angrepa. Det er eit stort behov for å byggje ut varslingsssystemet for digital infrastruktur – VDI – slik NSM tidlegare har teke opp i det tryggingsfaglege rådet vårt frå 2015. Forsvarsdepartementet har følgd opp prosessen på ein god måte, og prosjektet om ei vesentleg utviding av VDI-systemet har helde fram gjennom heile 2018 og vil halde fram i heile 2019.

I 2018 var det stor etterspurnad etter råd og rettleiing innanfor objektsikring, fysisk sikring og IKT-tryggleik. Det var god deltaking på kursa til NSM, som vi arrangerer som ein del av kurssenteret vårt for førebyggjande tryggleik. I byrjinga av 2018 etablerte kurssenteret til NSM seg i større lokale for å kunne gi eit breiare tilbod med fleire kurs parallelt.

Det har vore krevjande å dekkje etterspurnaden etter rådgiving innanfor objektsikring på grunn av periodevis mangel på fagpersonar. Det er gjort tiltak for å styrkje kapasiteten innanfor objektsikring i 2018 og nye ressursar er rekruttert.

I løpet av 2018 blei det gjennomført 20 tilsyn, som er ein reduksjon i talet på tilsyn frå 2017. Årsaka er NSMs arbeid med førebuing til ny tryggingslov. Tilsyna har mellom anna omfatta undersøkingar av digital tryggleik og objekttryggleik. NSM gjennomfører og etterkontrollerer for å sikre at avvik blir retta opp på forsvarleg vis. Etter tilsyn får verksemdene tilbod om råd og rettleiing frå NSM, og vi rår verksemdene til å nytte seg av dette.

Eit av tilsyna i 2018 var ein tilsynssak om Svalbardfiberen som omfatta undersøkingar

hos fleire verksemdar. Dette var eit fellestilsyn med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM). Eit anna tilsyn var med Institutt for energiteknikk (IFE). Dette var eit samordna tilsyn med Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA), tidligare Statens strålevern.

Resultata frå NSMs tilsynsverksemd vart også lagt fram i Stortingets høyring om objekttryggleik hausten 2018. NSM sin direktør konkluderte i den samanheng med at NSM sine tilsyn viste manglar, men også forbetring av tryggingsarbeidet over tid.

Resultata frå tilsyna våre i 2018 visar framleis at fleire av verksemdene ikkje sikrar verdiane sine i naudsynt grad, risikovurderingar er ofte mangelfulle og fleire avvik kunne og burde vore oppdaga av verksemdene sjølve.

Talet på personellklareringar var kontinuerleg høgt gjennom 2018. NSM setje i verk tiltak for å redusere behandlingstida for klareringar på alle nivå og har lukkast med dette. Ved nyttår var talet på klagesaker som ikkje var behandla, på eit akseptabelt nivå. Klareringsorganet for Forsvaret blei etablert ved inngangen til 2017, og i 2018 blei det oppretta eit nytt sivilt klareringsorgan i Moss. NSM har understøtta etableringa av sivilt klareringsorgan. Det er ei sterk forventning om at staten klarer å sikre verksemdar og samfunn. Dette arbeidet kan ikkje gjerast av éi enkelt verksemd åleine. Innsatsen må gjerast på tvers av sektorar – i samarbeid med sektorstyresmakter og sektorvise responsmiljø.

Det er likevel verksemdene som har primæransvaret for sin eigen tryggleik. Dei må leggje vekt på det dei sjølve kan gjere noko med – å byggje ei borg som kan forsvarast – før dataangrepet er ein realitet. Det er gjennom gode risikovurderingar, verdivurderingar og innføring av tilrådingar om tekniske tiltak at ein kan byggje denne borga.

Noreg er eit samfunn prega av tillit mellom folket som bor her og styresmaktene. Det er vår fremste styrke i hugen etter å få til

betre digital sikkerhet. Framover vil vi sjå at det offentlege gir god støtte til privat sektor gjennom å sørgje for ei stabil og god digital infrastruktur med nok kapasitet. Universitet og høgskular skal utdanne mange fleire med tryggingskompetanse, slik at det blir lettare for verksemdene å rekruttere. Politiet rustes opp til å førebygge og gi enda betre støtte når det først har gått galt. Noreg har fått ei ny og betre tryggingslov. Nasjonalt tryggingsorgan følgjer med på uønskte hendingar og yter hjelp i særskilde tilfelle. Samtidig gir vi råd om tekniske tiltak i aukande grad, og vi etablerer snart det Nasjonale cybertryggingssenteret.

Nasjonalt tryggingsorgan har utarbeid eit sett av grunnprinsipp for betre IKT-sikring. Vi ønskjer at alle verksemdar følgjer disse prinsippa, hovudsakelig for si eiga del, og deretter for at vi saman skal kunne gjera Noreg til ein trygg og god stad å bo og drive forretning.

- I 2019 vil NSM særleg vere opptekne av å:
- ▶ etablere Nasjonalt cybertryggingssenter
 - ▶ styrkje evna til å varsle, støtte og koordinere handteringa av dataangrep gjennom å utvide varslingssystema for digital infrastruktur
 - ▶ utvikle rettleiingar til den nye tryggleikslova
 - ▶ styrkje objektsikringsmiljøet og auke evna til rådgiving
 - ▶ etablere fleire relevante råd og rettleiingar og formidle desse til aktuelle målgrupper

Kjetil Nilsen
Direktør

Dette er Nasjonalt tryggingssorgan

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er ei tverrsektoriell fag- og tilsynsstyresmakt innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg. Direktoratet er nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre hendingar innanfor IKT-tryggleik.

NSM er ei EOS-teneste (etterretnings , overvaking og tryggingsteneste). Noko informasjon om verksemda vil derfor ikkje kunne bli lagd fram i årsrapporten på grunn av reguleringar i tryggleikslova. Denne informasjonen vil gå fram av resultat- og kontrollrapportane frå NSM til Forsvarsdepartementet.

Tryggleik i riket, i samfunnet og for individet

Nasjonalt tryggingsorgan skal bidra til å verne tryggleiksgradert informasjon og skjermingsverdige objekt mot spionasje, sabotasje, terror og andre tilsikta uønskte handlingar.

Vi utøver ansvaret i tråd med lov om forebyggende sikkerhetstjeneste (tryggleikslova), *lov om oppfinnelser av betydning for rikets forsvar, og forskrift om fotografering fra luften og kontroll av luftfotografier og opptaksmateriale fra luftbårne sensorsystemer*.

Oppgåvene til NSM er mellom anna å stille krav til, føre tilsyn og kontroll med, utvikle tryggleikstiltak for og byggje kompetanse hos dei over 600 nasjonale verksemdene som er omfatta av tryggleikslova. Vi er vidare nasjonal distribusjonsstyresmakt. Det vil seie at vi produserer, distribuerer, fører rekneskap og kontroll med kryptomateriell for vern av tryggleiksgradert informasjon. NSM er dessutan fagstyresmakt for arbeidet med tryggleiksklareringar i Noreg og har eit eige sertifiseringsorgan for IT-tryggleik i produkt og system (SERTIT).

Som nasjonal fagstyresmakt for IKT-tryggleik skal NSM støtte og bidra til utøvinga av det ansvaret Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har på IKT-tryggleiksområdet. Justis- og beredskapsdepartementet har samordningsansvaret for førebyggjande

IKT-tryggleik i sivil sektor. Samordninga skal mellom anna gjennomførast ved å halde fram utviklinga av NSM som det nasjonale fagmiljøet for IKT-tryggleik i Noreg. Dette skal bidra til betre IKT-tryggleik i samfunnet og til å møte utviklinga mot eit stadig meir komplekst IKT-risikobilete.

Den digitale utviklinga har gjort alle delar av samfunnet vesentleg meir sårbare. Det påverkar ansvarsområda våre. NSM varslar om og koordinerer handteringa av alvorlege dataangrep mot avgjerande infrastruktur og viktige samfunnsfunksjonar gjennom NSM NorCERT (Norwegian Computer Emergency Response Team).

Vi er alle avhengige av digitale system som fungerer. Tryggleiksutfordringane omfattar alle nivå i samfunnet, frå vern av PC-ane, mobiltelefonane og nettbretta til enkeltpersonar til vern av system som er avgjerande for viktige samfunnsfunksjonar. NSM skal utvikle, halde ved like og kontinuerleg formidle eit heilskapleg IKT-risikobilete. Dette omfattar risikoforhold for statleg tryggleik, samfunnstryggleik og tryggleik for individet. NSM skal identifisere og føreslå tiltak for å betre tryggleikstilstanden, gi råd og fremje forslag til nasjonale krav på området.

Den nye tryggleikslova gjev oss moglegheita til å innhente eit betre og breiare informasjonsgrunnlag for å vurdere tryggleikstilstanden i Noreg. NSM arbeider med å vidareutvikle metodar for analyse og styrkje datagrunnlaget for å kunne framstille tryggleikstilstanden i Noreg på ein meir nyansert og presis måte.

Folk flest er viktige for tryggleiken i samfunnet. Det er heilt vanlege folk som sørgjer for at dei sjølve og andre er trygge på arbeidsplassen, som behandlar sensitiv informasjon, datamaskiner, mobiltelefonar og nettbrett, og som bidreg ►

til god tryggleikskultur. Kva medvit vi har om tryggleik – som leiar, kollega eller privatperson – påverkar både tryggleiken til riket, tryggleiken i samfunnet og vår eigen tryggleik. Derfor er vi opptekne av å auke medvitet om tryggleik i heile samfunnet, i samarbeid med andre offentlege og private aktørar.

Grenseflater

Som sektorovergripande direktorat har NSM grenseflater mot og samarbeid med ei rekkje ulike aktørar, mellom anna

- ei rekkje ulike sektorstyresmakter, som Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Finanstilsynet og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Politiets tryggingsteneste og Etterretningstenesta
- verksemdene sjølve, som har primæransvaret for eigen tryggleik – Forsvaret er ei av dei største verksemdene vi samarbeider


«Kva medvit vi har om tryggleik – som leiar, kollega eller privatperson – påverkar både tryggleiken til riket, tryggleiken i samfunnet og vår eigen tryggleik.»

- med, og vi samarbeider òg nært med store private selskap som mellom anna eig kritisk infrastruktur
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
 - Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i samband med sektorovergripande IKT-tryggleikstiltak i statsforvaltninga

Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen


Dei økonomiske tala er justerte til 2018-kroner

Nøkkeltal frå årsrekneskapen 2015–2018	2018	2017	2016	2015
Antall årsverk	271	253	232	218
Samlet tildeling post 01–99	302 782 000	289 431 000	272 838 453	243 526 618
Utnyttelsesgrad post 01–29	98,8 %	99,6 %	98,4 %	98,5 %
Driftsutgifter	358 017 017	322 790 157	298 637 936	263 634 284
Andel investeringer	5,5 %	8,1 %	12,1 %	9,5 %
Lønnsandel av driftsutgifter	66,2 %	66,2 %	57,0 %	60,8 %
Lønnsutgifter pr. årsverk	874 506	844 579	733 749	735 081



Antall årsverk har økt fra 218 i 2015, til 271 i 2018.

Aktivitetar og resultat i 2018



Mål 1: IKT-tryggleik

Mål 1: Styrkt IKT-tryggleik

Styrkt IKT-tryggleik er eit strategisk mål for NSM. NSM har eit nasjonalt mandat for IKT-tryggleik som er forankra i tryggleikslova. Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for IKT-tryggleik i sivil sektor utanfor tryggleikslova. NSM skal støtte Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet i det ansvaret dei har for IKT-tryggleiksområdet. NSM skal som det nasjonale fagmiljøet for IKT-tryggleik etablere og halde ved like eit nasjonalt IKT-risikobilete som omfattar dei største utfordringane på dei ulike nivåa i samfunnet.

Fram mot 2020 skal IKT-tryggleiken i samfunnet bli betre. NSM skal ha eit systematisk og heilskapleg blick på IKT-tryggleik, og skal styrkje og utvikle arbeidet med førebygging, handtering og kontroll vidare. NSM skal først og fremst bidra til statleg tryggleik og samfunnstryggleik, og støtte den operative evna til Forsvaret.



FAKTA

19 712

uønskte hendingar mot informasjonssystem i Noreg i 2018.

Resultat

IKT-hendingar: NSM NorCERT registrerte totalt 19 712 uønskte hendingar mot informasjonssystem i Noreg i 2018. Talet inkluderer automatiske varsel. 4 689 av desse blei prioriterte for oppfølging av NSM. I 2018 såg vi òg eit titals alvorlege hendingar. Dei mest alvorlege sakene er meir komplekse, sofistikerte og krevjande enn tidlegare. NSM vurderer nettverksoperasjonar frå

framande statar som den høgaste IKT-risikoen for den offentlege forvaltninga.

Varslingssystem for digital infrastruktur

- VDI: Deltakartalet i sensornettverket til NSM, VDI, heldt fram med å auke i 2018. Varslingssystemet er sett saman av sensorar som blir plasserte i nettverket til nokre av dei største og viktigaste private og offentlege verksemdene i Noreg. NSM NorCERT overvaker datatrafikken og bidreg til å verne verksemdene mot dataangrep og industrispionasje. VDI er i dag eit av dei viktigaste verktøya norske styresmakter har for å oppdage og handtere cyberangrep mot norsk infrastruktur, medrekna spionasje frå framande statlege aktørar. Regjeringa ønskjer å styrke og vidareutvikle Noregs evne til å oppdage og handtere IKT-hendingar i nasjonal kritisk infrastruktur. Forsvarsdepartementet har difor i 2018 gitt Nasjonal tryggingsorgan oppdraget, med ei kostnadsramme på 497 millionar kroner. Systemet skal bidra til å sikre nasjonal handlefridom i det digitale rom, gjennom tidleg varslings av digitale angrep. VDI skal støtte både militær og sivil sektor.

Felles cyberkoordineringssenter (FCKS) blei operativt i mars 2017 og har som formål å styrkje den nasjonale evna til effektivt forsvar mot og handtering av alvorlege hendingar i det digitale rommet. FCKS er etablert som eit permanent og samlokalisert fagmiljø som omfattar faste representantar frå Nasjonalt tryggingsorgan, Etterretningstenesta (E-tenesta), Politiets tryggingsteneste (PST) og Kripos. Administrativt ligg FCKS under NSM og blir leia av NSM. Leiaren er utnemnd av sjefen for NSM.

Senteret deler informasjon og koordinerer innsatsen til partane i tillegg til å produsere strategiske analyseprodukt. Gjennom samarbeid om analysar og relevant informasjonsdeling til rett tid sikrar FCKS eit dekkjande situasjonsbilete og ei felles





FAKTA

Tilsyn

NSM gjennomførte 20 tilsyn. Av desse var 10 i sivil sektor, 5 i forsvarssektoren, 2 hos leverandørar og 3 tilsynssaker. Tilsynssakene blei oppretta på grunn av innrapporterte tryggleikstruande hendingar og saker frå media.



«Basert på tilbakemeldingar frå fagmiljøa er det eit klart inntrykk at råda og rettleiinga frå NSM om kryptotryggleik blir oppfatta som nyttig av verksemdene.»

situasjonsforståing. FCKS bidreg til koordinert bruk av nasjonale ressursar og legg forholda til rette for effektiv handtering av alvorlege hendingar i det digitale rommet.

FCKS held koordineringsmøte kvar veke der cyberforsvaret òg er representert. På desse møta går ein mellom anna gjennom utviklinga i aktuelle saker, relevant møteverksemd og produksjon. Det er òg etablert fast og jamleg møtestruktur på leiingsnivå for å samordne utviklinga av FCKS. Senteret legg vekt på å koordinere samvirke og deling med nasjonale og internasjonale partnarar, og på å bidra til felles kompetanseheving hos partane.

FCKS utarbeider kontinuerleg saksrapportar, temarapportar og orienteringar på ulike graderingsnivå. Enkelte av produkta til FCKS er av sjølvstendig karakter, mens dei resterande produkta støttar produksjonane til partane.

IKT-rådgiving: Eit særleg satsingsområde i 2018 har vore rådgiving innanfor ugraderte IKT-system. Kapasiteten innanfor IKT-rådgiving er styrkt, og rådgivingsoppdraga er tekne hand om etter kvart. Etterspurnaden etter NSM som deltakar i eksterne prosjekt er større enn vi har klart å oppfylle. NSM har vore fast bidragsytar til IKT-spaltane i Finansavisen gjennom heile 2018.

Basert på tilbakemeldingar frå fagmiljøa er det eit klart inntrykk at råda og rettleiinga frå NSM om kryptotryggleik blir oppfatta som nyttig av verksemdene. Mellom anna gjennom å halde foredrag på Tryggingskonferansen

2018, på NorCert Forum og ved å skrive innlegg i Finansavisen om kvanteresistent kryptografi har NSM auka merksemda rundt tryggleiksutfordringar i samband med utvikling av kvantedatamaskiner.

Grunnprinsipp for IKT-tryggleik: For å sikre funksjonar som er avgjerande for samfunnet utanfor sikkerheitslova har NSM gitt støtte til arbeidet i Justis- og beredskapsdepartementet og laga rettleiingar for enkel og effektiv grunnsikring av IT-system. NSM lanserte i 2017 grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Grunnprinsippa blei oppdatert i 2018, og illustrerer korleis NSM meiner at IKT-system bør sikrast for å verne verdiar og leveransar. Grunnprinsippa er eit viktig grunnlag for rådgivingsverksemda til NSM. Prinsippa inkluderer sikker plattform, sikker drift, sikkert vedlikehald og sikker handtering. Dei er laga slik at ein kan utvikle dei vidare dynamisk i takt med utviklinga i risikobiletet og den teknologiske utviklinga.

Kvalitetsordning for handtering av IKT-hendingar: NSM har etablert ei kvalitetsordning for bruk av tredjepartsleverandørar for handtering av IKT-hendingar. I 2018 er ytterligare eitt selskap godkjend som deltakar og det er no tre leverandørar i ordninga. Ordninga skal gjere det mogleg for verksemdar som opplever ei IKT-tryggleikshending, å velje leverandørar som etter vårt syn har tilfredsstillande kvalitet på fagområdet. Ordninga bidreg til å heve den generelle tryggleikskompetansen i Noreg. ➤

Støtte til norsk kryptoindustri: Gjennom 2018 har NSM heldt fram arbeidet med å støtte og hjelpe Forsvaret i ei rekkje prosjekt som skal utvikle produkt for å stå imot alvorlege truslar og utvikle førebyggjande tryggleikstiltak. I den same perioden har NSM òg brukt vesentlege ressursar på støtte til norsk kryptoindustri.

Utvikla IT-tryggleikskrav for virtualisering av gradert infrastruktur: Bruksområdet er store graderte datasenter med partisjonert operasjonsmåte. Den nye operasjons-måten opnar for samla og effektiv storskalavirtualisering av mange graderte IT-system i same fysiske datasenter. Eit særleg viktig bruks-område for dei nye krava er moderniseringa av IT-plattformen til Forsvaret. Kompetansen frå arbeidet er og viktig når NSM skal gi råd om bruk av slik teknologi for anna sensitiv informasjon.

Utvikla tryggleikskrav for virtualisering i kompakte/mobile datasenter: På bakgrunn av kunnskapen som er tatt fram i arbeidet med virtualisering av gradert infrastruktur, har NSM òg utvikla krav og konsept i kompakte, mobile datasentre. Dette er gjort med særleg tanke på virtualisering i nye ubåtar frå Tyskland, men og for å sjå om dette er konsept som kan utviklast vidare for bruk i taktiske scenario. Arbeidet blir iverksett for å utvikle kunnskap som kan bidra til å redusere uvissa i IT-prosjekta og auka kostnadseffektivitet.

Allvis NOR: Komplementært til inntrengings-testing tilbyr NSM ei teneste for kartlegging av sårbare punkt på internett, Allvis NOR. I 2018 er systemet utvikla vidare med nye automatiske undersøkingar, automatisk rapportering av tilgjengelige tenester, og fleire nye deltakarar. Ved utgangen av 2018 har tenesta 190 deltakarar som får varsel når det blir oppdaga kritiske sårbare punkt. Slike sårbare punkt blir avdekte og varsla regelmessig. Tilbakemeldingane frå deltakarane er svært gode. NSM tilbyr denne tenesta kostnadsfritt.

IKT-tilsyn: Aktivitetane for å styrkje tilsyn med IKT-tryggleiken er ført vidare frå 2017. Arbeidet med digitalisering og automatisering av metode for IKT tilsyn starta opp i 2018 og vil bli avslutta sommaren 2019. Målet er eit digitalt verktøy for sårbarheitsvurderingar knytt til NSMs grunnprinsipp for IKT tryggleik og andre kjende IKT tryggleiksstandardar.

NSM held fram arbeidet med etablering av ein arena for informasjonsutveksling og kompetanseoverføring mellom sektortilsyn. Arbeidet er tett knytt opp mot krava om samhandling i den nye tryggingslova.

«NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik gir sikker plattform, sikker drift, sikkert vedlikehald og sikker handtering.»

Faglege bidrag til utgreiingar og meldingar: NSM har i løpet av 2018 levert ei rekkje underlag med tiltak for å redusere digitale sårbare punkt til dei styrande departementa våre. *Risiko 2018* blei levert i mars, og rapporten *Helhetlig IKT-risikobilde* blei levert i september. Desse rapportane gir samla og kvar for seg unik innsikt i tryggleikstilstanden i Noreg. I tillegg har NSM levert tryggleiksrapportar til departementa kvar veke. Rapportane inneheld korte oppsummeringar av dei alvorlegaste hendingane i rapporteringsperioden.

I løpet av året har vi gitt ei rekkje orienteringar og vore med i referansegrupper. NSM har i 2018 vore med i eit større tal arbeid og utgreiingar som støtte til avgjerder på nasjonalt nivå, mellom anna til arbeidet med ny lov om nasjonal tryggleik, *nasjonal strategi for digital*

tryggleik, NOU 2018:14 *IKT-tryggleik i alle ledd*. NSM har også støtta NVE i utgreiing av IKT-tryggleik ved anskaffingar og tenesteutsetjing i energibransjen, og Difi si handlingsplan for informasjonstryggleik i statsforvaltninga, nasjonal og internasjonal utvikling av standardar. NSM har dessutan bidrege til politikktutforming og utgreiingar i samband med

- ▷ tilråding om offentleg sikker skyteneste
- ▷ tryggingsfaglege råd ved tenesteutsetjing

I tillegg kjem annan relevant aktivitet, som omfattar både faglege leveransar som presentasjonar, orienteringar og referansegrupper, og interne prosessar for å skape betre samhandling og ei heilskapleg og kostnadseffektiv utnytting av ressursar.

NSM oppdaterer kontinuerleg aktuelle rettleiingar. I 2018 har vi utvikla desse rettleiingane:

- ▷ «Tryggleiksfaglege anbefalingar ved tenesteutsetjing»
- ▷ «Tilråding om landvurdering ved tenesteutsetjing»
- ▷ «Grunnleggande tiltak for sikring av e-post»»
- ▷ Ny nettside for test av tryggleik kring e-post adresser
- ▷ Grunnprinsipp for IKT-sikring 1.1
- ▷ Sikkerhet på reise
- ▷ Passordråd
- ▷ Graderte rettleiingar for virtuelle system

Sikkerhetskonsferansen 2018 blei arrangert i slutten av mars på Oslo kongressenter. Over 700 personar deltok på konferansen som varte i to dagar.

Vurdering og ressursutnytting Etterspurnaden etter IKT-rådgiving aukar både frå verksemdar og sektorar. Behovet for vidare utvikling av førebyggjande IKT-tryggleikstiltak er framleis stort i 2018. Rekruttering, opplæring og prioritering av tiltak på strategisk viktige område har gitt god effekt, slik at stoda alt i alt har utvikla seg i positiv retning. Innanfor IKT-rådgiving har vi styrkt arbeidet med å gi strategisk og teknologisk rådgiving til funksjonar som er viktige og avgjerande for samfunnet. Arbeidet med å kvalifisere kommersielle leverandørar for handtering av hendingar og for IKT-tryggleikstenester har resultert i at tre verksemdar er kvalifiserte. Arbeidet vil halde fram i neste fireårsperiode.

Utfordringar og risikoar NSM har kontinuerleg vore opptekne av å oppdage og koordinere handteringa av dataangrep. I 2015 blei det etablert døgndrift på NSM NorCERT, og dette har gitt gode resultat i 2018 òg. Det er behov for ei vidare utbygging av sensornettverket VDI, slik det er skildra i det tryggingsfaglege rådet frå 2015. Forsvarsdepartementet har følgd opp prosessen, prosjektet for å betre oppdagingsevna er i gang. □



FAKTA

NSM produserer nøklane som låser opp den mest hemmelege informasjonen i Noreg. Fram til og med 2016 blei desse nøklane produserte på fysiske medium og distribuerte med kurer. No er 90 prosent av produksjonen digitalisert.



Mål 2: Styrkt objektsikring

Skjermingsverdige objekt skal identifiserast og sikrast kontinuerleg etter krava i tryggleikslova. NSM skal utøve ansvaret sitt for objektsikring etter tryggleikslova for å bidra til å motverke truslar mot skjermingsverdige objekt, slik at desse objekta blir sikra mot fysiske truslar, logiske truslar og innsidetruslar. NSM skal følgje opp og vere pådrivar for å gjere sektorstyresmakter og verksemdar meir medvitne og opplyste om eventuelle objekt som er avhengige av kvarandre innanfor og på tvers av samfunnssektorar. NSM skal samarbeide med andre sentrale aktørar på dette området. NSM skal støtte den operative evna til Forsvaret.

Fram mot 2020 skal objektsikringa i samfunnet bli styrkt gjennom at NSM skal gi informasjon, råd og rettleiing. I tillegg skal NSM gjennomføre tilsyn for å bidra til at krava til utval, klassifisering og sikring av objekt i tryggleikslova blir følgde av sektorar og verksemdar, og at planprosessar med tanke på objektsikring ved hjelp av sikringsstyrkar involverer verksemdene i nødvendig grad. NSM skal bidra til at Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet får ei heilskapleg oversikt over stoda innanfor objektsikring på eit strategisk nivå.

Resultat

NSM har gjennomført alle planlagde tilsyn innanfor objektsikring. Tilsyna har omfatta både fysiske og logiske objekt. Det er og gjennomført ei tilsynssak som omfattar fleire skjermingsverdige objekt.

Innan området objektsikkerhet har fokus i 2018 vore retta mot bistand til FD i forskriftsproessen tilknytta den nye tryggingslova som tok til å gjelde frå 1. januar 2019, samt utarbeiding av tilhørande rettleiing. I tillegg er det utvikla og heldt ei rekke kurs i tilknytning til det nye regelverket.

Arbeidet med ny tryggingslov og tilhørande forskrifter har ført med seg behov for ny kompetanse på objektskyggingområdet. Dette gjeld særleg innan felt som grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) og skadevurdering, tilknyttingar med meir.

Vurdering og ressursutnytting

Tilsynsaktivitetane er gjennomført slik dei var planlagd. Arbeidet framover handlar om førebuing for tilsyn i samsvar med reglane i den nye tryggingslova. I tillegg er utvikling av IKT-tilsyn ein viktig aktivitet framover.

Ressursane har hovudsakeleg vore nytta til å implementere nytt regelverk, og effekten av dette har vore god.

Fagområdet er tilført ressursar gjennom interne omdisponeringar av personell samt ny-rekrutteringar. Dette har hatt god effekt på utvikling av rettleiing og kurs, og ført til auka kapasitet til rådgeving.

Utfordringar og risikoar

Det vil kunne ta noko tid før nytt regelverk blir riktig etablert i verksemdene. Det vil kunne vere variasjon i måloppnåing når det gjeld etablering av forsvarleg tryggingnivå på grunn av ulik forståing av krav. □



Mål 3: Styrkt personelltryggleik

NSM skal styrkje rolla som nasjonal fagstyresmakt for personelltryggleik for å bidra til eit høgt fagleg nivå hos aktørane i personelltryggleiksarbeidet. Formålet er at personar som kan utgjere ein tryggleiksrisiko, ikkje blir plasserte slik at risikoen blir aktualisert. I tillegg vil vi oppnå likebehandling i og mellom klareringsstyresmaktene. NSM skal støtte den operative evna til Forsvaret.

Fram mot 2020 skal personelltryggleiken i samfunnet bli styrkt gjennom at NSM er ei framoverretta og tilgjengeleg fagstyresmakt som bidreg til kvalitet i saksbehandlinga, og til at arbeidet med personelltryggleik blir utøvd etter same sett av krav og med likt vurderingsgrunnlag. I tillegg skal NSM støtte

«NSM skal støtte den operative evna til Forsvaret.»

det behovet klareringsstyresmaktene har for effektiv sakshandsaming gjennom den vidare utviklinga av metodar, oppgradering og nyvinningar og drift av IT-støtta for klareringsstyresmaktene. NSM skal òg utøve

sitt eige klareringsarbeid med lite etterslep og kort sakshandsamingstid. NSM skal bidra til å overføre klareringsstyresmakta for personellklarering i første instans og sikre at dei nye klareringsstyresmaktene er best mogleg stilte til å handtere ansvaret og oppdraget sitt.

Resultat
NSM er ansvarlege for klagesaker i andre instans. Sakshandsamingstida er redusert og stabilisert på eit akseptabelt nivå. Justis- og beredskapsdepartementet har i 2018 etablert den nye sivile klareringsstyresmakta i Moss. NSM har i utstrakt grad støtta denne etableringa gjennom både fagleg, praktisk og teknisk bistand. Etableringa er slutført, og den planlagde omlegginga av klareringsstyresmakstrukturen er dermed gjennomført. Dette medfører større profesjonalitet og sterkare fagmiljø, og ein positiv innverknad på rettssikkerheten til den enkelte.

Ei omfattande oppgåve i 2018 har vært retta mot implementeringa av nytt regelverk. Dette har medført arbeid knytt til utarbeiding av forskrifter med tilhørande rettleiing. I tillegg er det utvikla og heldt ei rekke kurs i knytt opp mot det nye regelverket, samt gjort naudsynte tilpassingar av sakshandsamingsverktøy.

EOS-utvalet gjennomførte ein inspeksjon innanfor personelltryggleik i 2018. I tillegg har vi hatt løpande dialog om enkeltsaker og prosjekter.


Vurdering og ressursutnytting

Seksjon for personelltryggleik ble omorganisert i 2017 for å betre styringa av oppgåver og ressursbruk, og redusere tida som blir brukt til handsaming av klagesaker. Erfaringane frå 2018 viser at denne omorganiseringa var vellykka. Det er betre styring av ressursane og kapasiteten blir i større grad utnytta. NSM har etablert ulike samarbeidsarenaer for klareringinstansane. Dette for å sikre god informasjonsflyt, større grad av likebehandling av saker og gode faglege diskusjonar.

Utfordringar og risikoar

Det vil kunne ta noe tid før implementering av nytt regelverk er gjort på ein einskapleg og god måte ute i verksemdene. I tillegg ser NSM at det er uvisse knytt til talet klagesaker som vil komme med både nytt regelverk og ny struktur for klareringsinstansane. □

«Seksjon for personelltryggleik ble omorganisert i 2017 for å betre styringa av oppgåver og ressursbruk, og redusere tida som blir brukt til handsaming av klagesaker. Erfaringane frå 2018 viser at denne omorganiseringa var vellykka.»





Mål 4: Målretta og effektiv bruk av tildelte midlar

NSM utøver stram økonomistyring for å få maksimal aktivitet ut av dei tildelte midlane.

NSM skal ha ei tilfredsstillande økonomistyring i eit årleg og fleirårig perspektiv slik at dei tildelte midlane blir brukte målretta og effektivt i tråd med føresetnadene i IVB LTP 2017–2020 og innanfor dei rammene som gjeld.

Resultat

Driftsutgiftene til NSM på kapittel 1723 i 2018 utgjer 332,4 millionar kroner, medan driftsinntektene på kapittel 4723 utgjer 65,2 millionar kroner. Netto driftsutgifter er dermed 267,1 millionar kroner.



Den samla tildelinga er 272,3 millionar kroner. Resultatet viser eit mindreforbruk på 5,2 millionar kroner, som utgjer 1,9 prosent av tildelinga.

Utgiftene til forskning og utvikling (FOU) og investeringane på kapittel 1760 utgjer 25,9 millionar kroner. Her er tildelinga 30,5 millionar kroner. Resultatet viser eit mindreforbruk på

4,6 millionar kroner, som utgjer 15,1 prosent av tildelinga.

Sjå elles kapittelet om årsrekneskap for nærmare detaljar.

Vurdering og ressursutnytting

Samla sett har NSM brukt 98,1 prosent av dei tildelte midlane i 2018. Dette er noko lågare enn i 2017, men høgare enn tidlegare år. NSM utøver stram økonomistyring, og det blir gjennomført to interne budsjettrevisjonar i året for å sikre best mogleg utnytting av dei tildelte midlane. Lønnsutgiftene utgjer 66,2 prosent av dei samla utbetalingane, og dei blir følgde opp særskilt for å ha god kontroll og sikre god ressursutnytting. Prosentdelen av dei samla utbetalingane som går til lønnsutgifter i 2018, er uendra frå 2017.

Utfordringar og risikoar

NSM er i ferd med å vekse ut av dei lokala vi har i dag. Det er nødvendig å få på plass løysingar som er dimensjonerte for dei kommande aktivitetsendringane i langtidsperioden. Desse endringane følgjer av investeringsprosjekt og endringar i lovverk. Desse og andre forhold vil kunne påverke den økonomiske berekrafta i åra framover.



Mål 5: God førebyggjande tryggleik og beredskap



NSM skal ha god førebyggjande intern tryggleik, slik at truslar mot infrastruktur, materiell, objekt, informasjon og personell blir motverka. Formålet er å verne desse verdiane mot tilsikta uønskte hendingar og leggje til rette for god beredskap og dagleg drift i NSM.

Fram mot 2020 skal vi betre den førebyggjande tryggleiken. Svært tilfredsstillande førebyggjande tryggleik skal vi oppnå gjennom tiltak innanfor mellom anna informasjonstryggleik og objektsikring. Informasjonstryggleik i NSM skal sikre tilgjenge, konfidensialitet og integritet i den informasjonen NSM treng for å utføre den daglege verksemda. Vidare skal skjermingsverdige objekt sikrast i samsvar med dei reglane som gjeld. NSM skal òg ha tilfredsstillande rutinar for klarering og autorisasjon av personell, og klarerings- og autorisasjonsarbeidet skal halde eit høgt fagleg nivå.

Resultat

NSM har gjennomført fleire viktige tiltak for å betre den førebyggjande tryggleiken i si eiga verksemd. Detaljane som høyrer inn under resultatrapporteringa for dette målet, er graderte i samsvar med tryggleiksløva, men blir rapporterte til Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. □



Mål 6: Kontinuerleg betring og effektivisering

NSM skal ha ei langsiktig tilnærming til den vidare utviklinga av vår eigen organisasjon for å leggje til rette for at kvaliteten og leveringsevna til organisasjonen blir sikra på lang sikt. NSM skal kontinuerleg arbeide med betring og effektivisering, og skal gjere tilpassingar av eigen organisasjon ut frå behova i sivil og militær sektor og ut frå samfunnsutviklinga. NSM skal utvikle kurssenteret for førebyggjande tryggleik vidare i samarbeid med Forsvaret og andre relevante aktørar.

NSM skal realisere 4,7 millionar 2018-kroner før utgangen av 2020 til betrings- og effektiviseringstiltak. Realisering av gevinstar skal gjennomførast etter den føresette periodiseringa for å leggje til rette for omprioritering til høgare prioritert verksemd. Delmålet for 2018 er 2,36 millionar kroner.

Resultat

NSM har gjennom ulike tiltak varig frigjort 2,2 millionar kroner. Dette er noe lågare enn delmålet, men NSM forventar å nå målet for langtidsperioden. Tiltak med kvalitative gevinstar:

- ▷ IKT-plattformer: Vi arbeider for tida med å skifte ut IKT-plattformene til NSM. Løysingane vil ikkje redusere kostnader, men det vil vere effektiviseringsgevinstar å hente.
- ▷ Grunnprinsipp for IKT-tryggleik. NSM har i 2017 lagt fram grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Dette er eit sett med prinsipp for korleis IKT-system bør sikrast for å verne verdier og leveransar. Grunnprinsippa er viktige som del av eit oppdatert grunnlag for rådgivingsverksemda i NSM – slik at vi kan gjennomføre denne verksemda på ein heilskapleg og målretta måte.
- ▷ NSM har gjennomført FoU-prosjekt som bidrar til økt kvalitet og effektivitet i klareringssaker. Dette skjer gjennom utvikling og utviding av elektroniske kjelder for personkontroll, samt gjennom utvikling av vurderingsgrunnlaget for tryggingsklareringer.

Likestillingsarbeid

Ved utgangen av 2018 hadde NSM over 30 prosent kvinner. Kvinnedelen på toppleiarnivå var på over 40 prosent, og på mellomleiarnivå var han over 20 prosent. NSM har fleire teknologisk retta avdelingar der majoriteten av søkjarmassen til ledige stillingar ofte er menn. Det har likevel vore rekruttert fleire kvinner til tekniske stillingar i 2018. I avdelingar med fleire ulike kompetanseområde er rekrutteringsgrunnlaget jamnare fordelt. NSM arbeider aktivt for å rekruttere kvinner til alle delar av organisasjonen. Dette gjer vi ved å vere til stades på ei rekkje utdanningsinstitusjonar for å profilere NSM som ein attraktiv arbeidsplass for begge kjønn. Samtidig oppmodar vi kvinner om å søkje i stillingsannonsane våre.


Det totale sjukefråværet i 2018 var på 4,43 prosent, fordelt på 1,84 prosent eigenmeldt og 2,59 prosent legemeldt fråvær.

Vurdering og ressursutnytting

Kurssenteret har i 2018 utvikla kursportefølje til ny tryggingslov med forskrifter. Aktiviteten på kurssenteret er aukande og der er stor interesse for dei ulike kursa. Vi får gode tilbakemeldingar i kursevalueringar. E-læring er tatt i bruk som et supplement til kurs, for å auke tilgangen på informasjon samt effektivisere undervisninga. I tillegg har NSM digitalisert og effektivisert administrering av prosessen rundt kursavvikling. Vi har tatt i bruk ei sjølvbetjentløyning som gir større fleksibilitet for kundane. I 2018 har NSM brukt e-læring som ei integrert del av undervisninga på grunnkurs for førebyggjande tryggleik ved kurssenteret.

Utfordringar og risikoar

Kursporteføljen har blitt utvida med nye kurs, men det er framleis kapasiteten til fagmiljøa som ofte er den avgrensande faktoren. ☐



Mål 7: Rett kompetanse til rett tid og resultatorientert leiing

For å løyse samfunnsoppdraget sitt må NSM ha rett kompetanse til rett tid. Konkurransen i arbeidsmarknaden stiller store krav til den evna NSM har til å rekruttere, utvikle og ta vare på medarbeidarar. NSM skal vere fagleg solid på områda der det krævast over tid. Strategisk kompetanseleiing gir retning til korleis NSM tiltrekkjer seg, rekrutterer, nyttar seg av, tek vare på og utviklar den kompetansen etaten treng, og omstiller den kompetansen som ikkje lenger er relevant. Dette er ein kontinuerleg prosess som krev at leiarar på alle nivå involverer seg.

NSM skal ha resultatorienterte leiarar som legg til rette for måloppnåing og omsorg for personell, og som leier i tråd med leiarkrava i NSM og verdigrunnlaget i forsvarssektoren.



FAKTA

NSM blei i 2017 godkjend som lærebedrift i dataelektronikarfaget. Å knyte til seg lærlingar er ein del av kompetansestrategien til NSM.

Resultat

For å møte framtida er NSM avhengig av å vere ein endringsdyktig organisasjon som når måla gjennom å utvikle, ta vare på og tiltrekkje seg rett kompetanse. Av den grunn har vi satt i gang en strategiprosess for utfordringane vi står ovafor. Kompetanse om IKT-tryggleik er kjernekompetanse for NSM. Vi opplever stor etterspurnad etter slik kompetanse frå markedet, noe som gjer det utfordrande å rekruttere og halde på slikt personell.

Vurdering og ressursutnytting

Som éin av fem etatar i forsvarssektoren deltek NSM aktivt i arbeidet med kompetansereforma i sektoren. Eit ledd i dette arbeidet har vore

å utvikle ein felles HR-strategi med tre felles hovudmål: leiarar som mobiliserer til gjennomføring, rett kompetanse til rett tid og kontinuerleg betring.

NSM blei i 2017 godkjend som lærebedrift i dataelektronikarfaget. Å knyte til seg lærlingar er ein del av kompetansestrategien til NSM. Vi hauster no erfaring med ordninga før vi vurderer å føre ordninga vidare eller utvide ho.

Hovudtrenden er at det i NSM er eit stadig sterkare behov for å byggje specialist-kompetanse for å vere i stand til å løyse samfunnsoppdraget. Dette krev systematisk satsing på vidareutvikling av kompetanse og på det å halde på personell over tid. Utskiftinga av tilsette i NSM er på eit akseptabelt nivå, sjølv om det kan vera utfordringar med å halde på sentral kompetanse over tid. Det er óg ei bekymring at det tar fleire år å byggje opp naudsynt dybdekompetanse. Vi forventer ei auke i turnover på slik kritisk kompetanse i åra framover.

Samtidig har vi i stor grad lukkast med å halde eit kvalitativt høgt nivå på rekrutteringa. Saman med målretta kompetanseutvikling bidreg dette til at vi i dag har ei tilfredsstillande kompetansedekning.

Utfordringar og risikoar

Med auka satsing på tryggleik dei seinare åra har NSM vakse vesentleg. Med innføringa av ny tryggleikslov og anna satsing forventar vi at verksemda vil halde fram med å vekse. Dette vil føre til utfordringar med det organisatoriske og for personellet, og det vil bli behov for større lokale. □

Styring og kontroll i verksemda

Modenskapen i styring og kontroll av NSM i 2018

I 2018 har NSM arbeidd med å oppdatere og dokumentere instruksar og rutinar. Det har pågått ein strategiprosess i NSM i 2018, og arbeidet med å oppdatere og dokumentere instruksar og rutinar vil fortsette i 2019. Det er etablert eit prosjekt for å vurdere innføring av eit internt styringssystem for betre oppfølging av verksemda. Vi har lagt vekt på etablering og på å utvikle, forenkle og konkretisere oppdragsbrevet for å følgje opp NSMs strategiske mål på ein betre måte. Internrevisjonen i NSM meiner dette arbeidet er eit viktig bidrag til å heve nivået på modenskapen til NSM når det gjeld styring og kontroll.

NSM har ei eiga stilling til internkontroll, og dette bidreg til utvikling av ei meir systematisk tilnærming til og vektlegging av internkontroll. Internrevisjonen i NSM har i oppdraga sine ikkje identifisert uakseptabel risiko som ikkje har blitt handtert av NSM.

Miljøutgreiing

I motsetning til andre verksemdar i forsvarssektoren har NSM inga eigenrapportering for bygningsmasse. Årsaka til dette er at NSM leiger kontorlokale frå Forsvaret og Forsvarsbygg. Det vil seie at miljørapporteringa for NSM er rekna inn i miljørapporteringa frå dei to respektive etatane. NSM har òg felles avfallshandtering med Forsvaret. Miljøgiftig avfall blir handtert etter dei rutinane som gjeld, og er i hovudsak lagt til den leverandøren Forsvaret/Forsvarsbygg nyttar for desse tenestene.

Når det gjeld drivstoff, nytta NSM 3302 liter drivstoff for tenestekøyrerøya sine i 2018, og dette gir eit CO₂-utslepp på 7219 kg. Bruk av privatbil i teneste er rapportert til 54 988 km.

NSM har òg gått til innkjøp av elbilar for å betre miljøinnsatsen. I tillegg har auka bruk av videokonferansar blitt tatt i bruk som eit miljøtiltak.


Talet på tenesteflyreiser i NSM i 2018 var 574.

Inkluderingsdugnaden: Inkluderingsdugnaden er eit felles samfunnsoppdrag for å få fleire i jobb. Dugnaden spring ut av Jeløya-plattformen, der regjeringa forplikta seg til å arbeide for at fem prosent av nytilsette i staten er personar med nedsett funksjonsevne eller «hol i CV-en».

NSM skal arbeide systematisk for å realisere regjeringa sin inkluderingsdugnad, og utvikle rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet for å nå måla for dugnaden. I fortsettinga utgreier vi for korleis NSM sitt arbeid med rekruttering har vært lagt opp for å nå 5 prosent målet og dei andre måla for inkluderingsdugnaden. NSM har ved årsskiftet ikkje registrert søkere med hol i CV'en over 2 år. Det betyr ikkje at vi ikkje har ansatt personar med hol i CV, kun at det ikkje er etablert eit system for registrering. Korleis slik registrering skal gjerast er noko vi arbeider med. Arbeidet er ikkje ferdigstilt.

Inntil mogelegheita for å registrere hol i CV er på plass må det registrerast i eit «skuggereknskap». Slik registrering blir starta frå 2019. □

«For å styrke miljøinnsatsen har NSM kjøpt elbilar og auka bruken av videokonferansar.»



Vurdering av framtidutsikter

«Ny tryggingslov gir betre grunnlag for å knytte viktige verksemder til VDI-systemet.»

Gjeldande langtidsperiode strekk seg fram til 2020. Langtidsplanen skildrar ein heilskap der det skal gjennomførast ei rekkje ulike satsingar, endringar og prioriteringar som skal bidra til å nå måla. Desse sektormåla er sette opp for forsvarssektoren:

- operativ evne til å løyse oppgåvene til Forsvaret
- berekraft i forsvarssektoren
- målretta og effektiv bruk av tildelte midlar
- førebyggjande tryggleik
- kontinuerleg betring og effektivisering

Måla for NSM er endra av oppdragsgivarane våre, Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, slik at vi legg meir vekt på kvalitativ vurdering av måla og på effektane av det vi leverer. Dei strategiske måla for NSM i den kommande langtidsperioden er

- styrkt IKT-tryggleik
- styrkt objektsikring
- styrkt personelltryggleik

Dei strategiske måla er baserte på utvalde aktivitetar og leveransar innanfor dei fagområda som er vurderte å gi størst samfunnseffekt.

Året 2019 vil elles bli prega av arbeid med skifte av eigardepartement frå Forsvarsdepartement til Justis- og beredskapsdepartementet

Styrkt IKT-tryggleik

Fram mot 2020 skal IKT-tryggleiken i samfunnet bli betre. NSM skal halde fram med å ha eit systematisk og heilskapleg blikk på IKT-

tryggleik, og skal styrkje og utvikle arbeidet med førebygging, handtering og kontroll vidare. Ny tryggleikslov og ny IKT-tryggleikslov vil gi føringar for korleis NSM skal gjere oppgåvene sine innanfor IKT-tryggleik i denne langtidsperioden.

Den nye tryggingslova gir eit betre grunnlag for å sikre at dei viktigaste verksemdene for nasjonal tryggleik blir knytta til det nasjonale varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI). NSM vil arbeide aktivt med å sikre at relevante verksemder blir tilknytta. Dette saman med ei modernisering av VDI vil gi god beskyttelse. Moderniseringa og utvidinga av VDI vil auke evna vår til å avdekkje, analysere, varsle og koordinere alvorlege IKT-angrep. I tillegg skal vi auke satsinga på kryptologi og kvanteteknologi.

NSM skal vidare utvikle evna til å gjennomføre tilsyn med IKT-tryggleikstiltak, utvikle rammeverket for handtering av hendingar og utvikle felles cyberkoordineringssenter vidare.

Den teknologiske utviklinga skjer raskt. Det er i dag kommersielle drivere bak utvikling av ny teknologi og nye tenester. Tryggingsløysingar må som regel leggjast til etter at nye løysingar er etablert. Vi ventar framleis at vekst i sårbare punkt innanfor dei mange uoversiktlege teknologiske områda som er avhengige av kvarandre, vil by på utfordringar i denne perioden. Appetitten på å ta i bruk ny teknologi på nye område er stor, og dette gjer at det er fare for at det kan bli introdusert sårbare punkt

som ikkje er kjende for dei som tek teknologien i bruk. Det finst inga samla oversikt over kva teknologiar dei ulike delane av samfunnet vurderer å ta i bruk. Situasjonen er derfor uoversiktleg, og vi ventar ein utfordrande situasjon på grunn av dette fram mot 2020.

På kryptofeltet skjer det ei raskt utvikling globalt. Dei tryggingsmessige utfordringane er særleg knytt til vissheita om at dagens kryptoløysingar om nokre år ikkje lenger beskyt mot kompromittering. Noreg har utfordringar med å utvikle kryptofeltet i takt med utviklinga, til tross for at tiltak er satt i gang. Det er sannsynleg at gapet på kryptofeltet vil auke.

NSM ventar at utfordringa med å rekruttere IKT-kompetanse vil auke.

Etableringa av Nasjonalt cybertryggingssenter vil være viktig for å betre synergieffektane internt i NSM og mellom NSM og eksterne aktørar. Gjennom senteret vil venteleg kvaliteten på rådgiving om tiltak, betre handtering av hendingar og målretta bruk av tekniske tenestar auke, og underlaget av kunnskap vil bli betre.

Gjennomføringa av GDPR i norsk rett, ny tryggingslov og ei ny IKT-tryggingslov vil venteleg gi eit løft for IKT-tryggingsarbeidet. Det er naudsynt å ta ut synergien gjennom samordna oppfølging i størst mogleg monn.

Styrkt objekt- og infrastruktursikring

Fram mot 2020 skal objektsikringa i

samfunnet bli styrkt gjennom at NSM skal gi informasjon, råd og rettleiing. I tillegg skal NSM gjennomføre tilsyn for å bidra til at krava til utval, klassifisering og sikring av objekt i tryggleikslova blir følgde av sektorar og verksemder.

NSM vil halde fram med å gi råd og rettleiing til relevante aktørar for å gjere sektorstyresmakter og verksemder meir merksame på IKT-tryggleik, og vi skal føre tilsyn som beslutta i det vedtekne tilsynsprogrammet. Vidare vil vi auke talet på tilsette i 2018 for å betre evna vår til å følgje opp objektsikring og få fram objekt som er avhengige av kvarandre innanfor og på tvers av samfunnssektorar. Ambisjonen på sikt er å betre den heilskaplege strategiske tilnærminga på fagfeltet.

Ny tryggingslov vil gi ei betydeleg betring av tryggleiken knyt til skjermingsverdige objekt og til infrastruktur. NSM vil ha ei særskilt merksemd på å følgje opp prosessar for utvelging og klassifisering av objekt og infrastruktur, samt avhengigheiter slik at relativ skadeverdi blir klarlagt som utgangspunkt for risikoreduserande tiltak.

Vi reknar med at fleire objekt og infrastruktur som i dag ikkje er sikra godt nok vil bli klassifisert som skjermingsverdige etter ny tryggleikslov. Vi tror óg at det vil bli vanskar knyt til å finne risikoreduserande tiltak som ikkje får konsekvensar for funksjonen til dei same objekta og infrastrukturen.

«Fram mot 2020 skal førebyggjande tryggleik betrast.»

Det er naudsynt å finne nye løysingar for sikring av objekt og infrastruktur. Det vil være viktig å etablere gode mekanismer for å lære av røynd og for utvikling slik at objekt og infrastruktur oppnår forsvarleg sikring.

Styrkt personelltryggleik

Fram mot 2020 skal personelltryggleiken i samfunnet bli styrkt gjennom at NSM er ei framoverretta og tilgjengeleg fagstyresmakt som bidreg til kvalitet i saksbehandlinga, og til at arbeidet med personelltryggleik blir utøvd etter same sett av krav og med likt vurderingsgrunnlag. NSM skal utøve eiga klarering og bidra til å gjennomføre overføringa av personellklarering i første instans. Samtidig skal NSM sikre at dei nye klareringsstyresmaktene er best mogleg stilte til å handtere ansvaret og oppdraget sitt.

Vi vurderer framtidsutsiktene for langtidsperioden innanfor personelltryggleik som gode. Ettersom vi er midt i ei endring av strukturen for klareringsstyresmakter er oppgåvene utfordrande i denne overgangsfasen. Vi arbeider samtidig med digitalisering av personellklareringsprosessen og andre effektiviseringstiltak.

Målretta og effektiv bruk av tildelte midlar

Fram mot 2020 skal NSM ha ei tilstrekkeleg og nøktern tilnærming til behov for materiell, personell, eigedom, bygg og anlegg (EBA) og infrastruktur. Driftskonsekvensane av vedtekne og planlagde investeringar skal vere tilstrekkeleg greidde ut og bli oppdaterte, slik

at det blir lagt til rette for målretta og effektiv bruk av dei tildelte midlane i eit heilskapleg perspektiv. NSM har hatt ei tilfredsstillande økonomistyring i 2018, og vi ventar at dette vil halde fram i langtidsperioden.

God førebyggjande tryggleik og beredskap

Fram mot 2020 skal den førebyggjande tryggleiken betrast. Svært tilfredsstillande førebyggjande intern tryggleik skal vi oppnå gjennom tiltak innanfor mellom anna informasjonstryggleik og objektsikring.

Vi vurderer framtidsutsiktene som gode.

Kontinuerleg betring og effektivisering

Fram mot 2020 blir det stilt konkrete krav til NSM og sett i verk tiltak som skal bidra til kontinuerleg betring og effektivisering. NSM forventar å oppfylle desse på ein tilfredsstillande måte.

Rett kompetanse til rett tid og resultatorientert leiing

NSM arbeider kontinuerleg med å sikre rett kompetanse til rett tid og med resultatorientert leiing. Det vil vi halde fram med i langtidsperioden, og vi vurderer framtidsutsiktene som gode. □



Leiingskommentar til årsrekneskapen 2018

Formål

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er ei tverrsektoriell fag- og tilsynsstyresmakt innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg.

Direktoratet er nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre hendingar innanfor IKT-tryggleik. Direktoratet er administrativt underlagt Forsvarsdepartementet og rapporterer med fagleg ansvarslinje til Justis- og politidepartementet for oppgåveløysing i sivil sektor og til Forsvarsdepartementet for militær sektor. NSM held til på Kolsås i Bærum, med kontor i Sandvika og på Bryn i Oslo.

NSM er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap ut frå kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten frå direktoratet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv Rn115 frå Finansdepartementet og krav i økonomiinstruks for forsvarssektoren. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld for direktoratet.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2018 har NSM samla disponert tildelingar på utgiftssida på 336 000 000 kroner, jf. løyvingrapporteringa og note A. Utgiftene er

fordelte mellom driftsutgifter på kapittel 1723 post 01 og utgifter til FOU-prosjekt på kapittel 1760 post 45. Gjennomføringsutgifter for FOU-prosjekta er førte på kapittel 1760 post 01. Her er òg utgifter som gjeld tryggleiksgodkjenning for Forsvaret, posterte.

Driftsutgiftene på kapittel 1723 viser meirutgifter på 26 839 798 kroner, men etter justering for meirinntekter har direktoratet ei samla mindreutgift på 5 186 064 kroner som vi søker om å få overført til neste år på kapittel 1723 post 01 i samsvar med utrekningar i note B.


Utgiftene til FOU-prosjekt på kapittel 1760 post 45 viser ei mindreutgift på 6 293 743 kroner. Løyvinga på denne posten er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet kommer frå tildelingar for de siste to budsjettårene, og søkes overført til neste år. På kapittel 1760 post 01 viser regnskapet ei meirutgift på 1 692 300 kroner. Meirforbruket knytter seg til gjennomføringsutgifter i NSMs FoU-prosjekter, og må sjåast i samanheng med mindreforbruket på post 45. Meirforbruket søkast overført til dekning neste år.

Artskontorapporteringa viser at utbetalingar til lønn og sosiale utgifter kom på 236 991 247 kroner, mot 213 678 608 kroner i 2017. Aukning av at talet på årsverk har auka som følgje av at driftsbudsjettet er styrkt. Sjå elles note 2.

Andre utbetalingar til drift utgjer 121 025 770 kroner, mot 109 111 549 kroner i 2017. Aukinga skriv seg i hovudsak frå posten mindre

Samla tildelingar på utgiftssida


Kroner



Utbetalingar til drift

Kroner

■ 2018
■ 2017



utstysinnkj p. Dette er ein post som er knytt tett opp mot NSMs FoU-aktivitet, og varierer naturleg mykje fr   r til  r. Direktoratets husleigeutgifter har ogs  auka, som f lgje av at NSM sitt kurssenter for f rebyggande tryggleik har flytta inn i nye lokale i Sandvika.

Inntekter utgjer 65 243 862 kroner, mot 34 040 124 kroner i 2017. Inntektene gjeld kurs- og konferanseavgifter, brukarbetaling fr  NorCERT-medlemmer og -partnarar, refusjonar fr  andre verksemder og anna brukarbetaling for tenester NSM leverer. Endringa fr  2017 kan i hovudsak forklarast av at NSM har ein betydelig auke i aktivitet som er finansiert gjennom refusjonar fr  andre verksemder.

Mellomv ret med statskassa utgjorde 8 976 250 kroner per 31. desember 2018. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser kva eigedelar og gjeld som inng r i mellomv ret. I tillegg til det rapporterte mellomv ret har direktoratet kundefordringar p  4 620 415 kroner. Dette er fakturaer som er sende ut i

2018, men ikkje betalte, og som derfor ikkje kjem fram som inntekt i  rsrekneskapen. I tillegg har direktoratet ei bokf rt leverand r-gjeld p  3 461 141 kroner. Dette skriv seg fr  fakturaer som blei bokf rt i 2018, men hadde forfallsdato i 2019. Sj  elles opplysningar om avrekning med statskassen i note 5.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar  rsrekneskapen for NSM.  rsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil truleg vere klar i l pet av andre kvartal 2019. Meldinga vil bli publisert p  nettsidene til direktoratet.  

Kols s, 22. februar 2019

Kjetil Nilsen
direkt r

FAKTA

65 243 862

Inntekter utgjer 65 243 862 kroner, mot 34 040 124 kroner i 2017.



Prinsippnote til  rsrekneskapen

 rsrekneskapar for statlege verksemder er utarbeidde og leverte etter n rare retningslinjer som er fastsette i f resegner om  konomistyring i staten (  f resegnene ), fastsette 12. desember 2003 med endringar seinast 5. november 2015.  rsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i f resegnene, n rmare f resegner i rundskriv R-115 fr  Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av eige departement.

Oppstillinga av l yvingsrapporteringa omfattar ein  vre del med l yvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda st r oppf rt med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein  vre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inng r i mellomv re med statskassen.

Oppstillinga av l yvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i f resegnene – dei grunnleggjande prinsippa for  rsrekneskapen:

- a) Rekneskapen f lgjer kalender ret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskaps ret.
- c) Utgifter og inntekter er f rte i rekneskapen med bruttobel p.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tr d med kontantprinsippet.

Oppstillingane av l yvings- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa st r i samsvar med krav i punkt 3.5 i f resegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja  Netto rapportert

til l yvingsrekneskapen  er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1 i f resegnene. Ordin re forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) blir ikkje tilf rte likviditet gjennom  ret. Saldoen p  kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt  r.

L yvingsrapporteringa

L yvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i l yvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til   disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda st r oppf rt med i kapitalrekneskapen til staten. Kolonnen  Samla tildeling  viser kva verksemda har f tt stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa viser rekneskapstala verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible tildelingar p  konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsf rast og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Note 5 til artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomv re med statskassen.  

Løyvings- og artskontorrapportering med notar

Oppstilling av løyvingsrapportering, 31.12.2018

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2018	Meirutgift (–) og mindreutgift
1723	Nasjonalt tryggingsorgan	01	Driftsutgifter	A, B	305 544 000	332 383 798	–26 839 798
1760	Nyinnkjøp av materiell og nybygg og nyanlegg	01	Driftsutgifter	A, B	8 107 000	9 799 300	–1 692 300
1760	Nyinnkjøp av materiell og nybygg og nyanlegg	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	A, B	22 349 000	16 055 257	6 293 743
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			16 707 962	
Sum utgiftsført					336 000 000	374 946 316	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2017	Meirinntekt og mindreinntekt (–)
4723	Nasjonalt tryggingsorgan	01	Driftsinntekter	A, B	33 218 000	65 243 862	32 025 862
5700	Inntekter til folketrygda	72	Arbeidsgivaravgift			29 092 084	
Sum inntektsført					33 218 000	94 335 946	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen						280 610 370	
Kapitalkontoar							
600862	Noregs Bank KK / innbetalingar					69 926 442	
600862	Noregs Bank KK / utbetalingar					–349 412 203	
717051	Endring i mellomvære med statskassen					–1 124 610	
Sum rapportert						0	

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)							
Konto	Tekst		2018	2017	Endring		
717051	Mellomvære med statskassen		–8 976 250	–7 851 640	–1 124 610		

NOTE A Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
172301	531 000	305 013 000	305 544 000
176001	668 000	7 439 000	8 107 000
176045	–526 000	22 875 000	22 349 000
472301		–33 218 000	–33 218 000

NOTE B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meir-utgift (–) / mindreutgift	Utgiftsført av andre ut frå gitte belastings-fullmakter	Meirutgift (–) / mindreutgift etter gitte belastings-fullmakter	Meir-/mindre-inntekter (–) i samsvar med meirinntefts-fullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyv-ing for neste år	Inn-sparingar	Sum grunnlag for over-føring	Maks over-førbart beløp*	Mogleg overførbart beløp rekna ut av verk-semda
172301/472301		–26 839 798		–26 839 798	32 025 862			5 186 064	13 589 750	5 186 064
176001		–1 692 300		–1 692 300				–1 692 300	371 950	–1 692 300
176045	«kan over-førast»	6 293 743		6 293 743				6 293 743	60 441 000	6 293 743

*Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av løyvinga i år på driftspostane 01–29, unnateke post 24, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Stikkordet «kan overførast»
Løyvinga til NSM på kapittel/post 176045 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet skriv seg frå tildelingar som er gitt innanfor dei to siste budsjettåra, og NSM lét beløpet gå inn som ein del av beløpet som kan overførast.

Fullmakt til å bruke standardrefusjonar av lønnsutgifter til å overskride utgifter
NSM har brukt lønnsrefusjonar som er rapporterte på kapittel/post 172301, til å dekkje inn meirutgifter under same post. Lønnsrefusjonane er samla på 4 247 809 kroner.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter
NSM har fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter.

Mogleg overførbart beløp
Den ubrukte løyvinga til NSM på kapittel/post 172301/472301 er på 5 186 064 kroner. Fordi dette beløpet er under grensa på 5 prosent, blir heile beløpet rekna som mogleg overføring til neste budsjettår.

På kapittel/post 176001 er det eit meirforbruk på 1 692 300 kroner. Meirforbruket her må sjåast i samanheng med underforbruket på kapitel/post 176045 og freistes overført for inndecking i neste budsjettår.

På kapittel/post 176045 er det eit underforbruk på 6 296 743 kroner, som vi søker å overføre til dekning neste budsjettår. Dette underforbruket ser vi i saman-heng med mindreforbruket på kapittel/post 176001.

Oppstilling av artskontorrapporteringa, 31.12.2018

	Note	2018	2017
Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingstreksken			
Innbetalingar frå gebyr			
Innbetalingar frå tilskot og overføringar	1	6 895 000	6 500 000
Sals- og leigeinnbetalingar	1	58 348 862	27 540 124
Andre innbetalingar			
Sum innbetalingar frå drift		65 243 862	34 040 124
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingstreksken			
Utbetalingar til lønn	2	236 991 247	213 678 608
Andre utbetalingar til drift	3	121 025 770	109 111 549
Sum utbetalingar til drift		358 017 017	322 790 158
Netto rapporterte driftsutgifter		292 773 155	288 750 034
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingstreksken			
Innbetaling av finansinntekter			
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingstreksken			
Utbetaling til investeringar			
Utbetaling til kjøp av aksjar			
Utbetaling av finansutgifter	4	231 337	8 648
Sum investerings- og finansutgifter		231 337	8 648
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		231 337	8 648
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.			
Sum innkrevjingsforvaltning og andre overføringar til staten		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalingar av tilskot og stønader			
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)			
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		29 092 084	26 226 837
Nettoføringsordning for mva. konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		16 707 962	11 159 670
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-12 384 122	-15 067 167
Netto rapportert til løyvingstreksken		280 620 370	273 691 515

Oversikt over mellomvære med statskassen **				
Eigedelar og gjeld		2018	2017	
Fordringar		18 724	51 989	
Kasse				
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank				
Skuldig skattetrekk		-8 994 974	-7 903 629	
Skuldige offentlege avgifter				
Anna gjeld				
Sum mellomvære med statskassen		5	-8 976 250	-7 851 640

* Andre ev. inntekter/utgifter som er rapporterte på felleskapittel, er spesifiserte på egne linjer ved behov.
** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

NOTE 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2018	31.12.2017
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Næringslivstilskot, NorCERT-funksjonen	6 895 000	6 500 000
<i>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>	6 895 000	6 500 000
Sals- og leigeinnbetalinger		
Brukarbetaling	12 251 479	15 079 809
Konferanseinntekter	3 775 056	3 410 158
Vidarefakturering, reiseutgifter	1 486 155	1 602 586
Vidarefakturering, lønnsutgifter	988 237	1 129 764
Andre inntekter	39 847 936	6 317 807
<i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>	58 348 863	27 540 124
Sum innbetalinger frå drift	65 243 863	34 040 124

NOTE 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2018	31.12.2017
Lønn	189 678 763	171 435 891
Arbeidsgivaravgift	29 092 084	26 226 837
Pensjonsutgifter*	20 717 195	18 851 117
Sjukepengar og andre refusjonar (–)	–4 247 809	–4 361 151
Andre ytingar	1 751 014	1 525 915
Sum utbetalinger til lønn	236 991 247	213 678 608
Tal årsverk:	271	253

* **Nærmare om pensjonsutgifter:**
Frå og med 1. januar 2017 betaler verksemda pensjonspremie til SPK. For 2018 er arbeidsgivardelen av pensjonspremien på 12 prosent.

NOTE 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2018	31.12.2017
Husleige	16 706 169	12 960 720
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	9 468 930	11 666 027
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	153 990	30 448
Mindre utstyrsinnkjøp	30 359 798	20 691 497
Leige av maskiner, inventar og liknande	13 932 246	11 155 897
Kjøp av framande tenester	30 141 109	33 293 455
Reiser og diett	8 184 720	9 496 425
Andre driftsutgifter	12 078 808	9 817 080
Sum andre utbetalinger til drift	121 025 770	109 111 549

NOTE 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2017	31.12.2017
Innbetaling av finansinntekter		
Renteinntekter		
Valutagevinst		
Anna finansinntekt		
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	231 229	8 648
Valutatap	108	
Anna finansutgift		
Sum utbetaling av finansutgifter	231 337	8 648

NOTE 5 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2018	31.12.2018	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og partar			0
Obligasjonar			0
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	4 620 415		4 620 415
Andre fordringar	18 724	18 724	0
Bankinnskot, kontantar og liknande			0
Sum	4 639 139	18 724	4 620 415
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-3 461 141		-3 461 141
Skuldig skattetrekk	-8 994 974	-8 994 974	0
Skuldige offentlege avgifter			0
Anna kortsiktig gjeld			0
Sum	-12 456 115	-8 994 974	-3 461 141
Sum	-7 816 976	-8 976 250	1 159 274

Design: Redink
Manus: NSM
Foto: iStock, Unsplash

NASJONALT TRYGGINGSORGAN

Postboks 814, 1306 Sandvika

Tlf. 67 86 40 00
post@nsm.stat.no
www.nsm.stat.no

